

Vann 10-0 i Dana Cup

26.07.2011

I dag spela Rosendal 15-år-lag den første kampen sin i Dana Cup og jentene sigra 10-0 over Tønsberg, som er rekna som eitt godt lag. Ingebjørg Haugland frå Uskedalen sette inn 3 av måla.

Kampoppsettet for Norway Cup, som startar til helga, er også klårt. Rosendal stillar med 5 lag dette året og 6 spelarar frå Uskedalen er med denne gongen.

Bente Halvorsen er å finna på 7-arlaget for dei som er 13 og 14 år. Harøy, Reinsfjell og Skarphedin er dei andre laga i gruppa.

På 7-arlaget for gutar som er 15 og 16 år spelar Stian Myklebust, Hans Fr. Zimmer og Johannes Taranger. Hareid, Holmlia og Jotun er dei andre laga i gruppa

På 11-arlaget for gutar som er 14 år finn ein Marius Myklebust og Hermund Døssland. Hof/Svarstad/Hvitvingfoss, Nordstrand 3 og Sunndal 2 er dei andre laga i gruppa.

Arvid Nes fortel at det skal spelast med svarte armbind både i Dana Cup og Norway Cup.